



Lars Helge Haugsdal

Referanser:

Dykkar:

Vår: 22/563 - 23/7848

Sakshandsamar:

Ottar Myrtveit

ottar.myrtveit@masfjorden.kommune.no

Dato:

12.09.2023

Purring på attendemelding på søknad om skadeløyver.

Viser til søknad om skadefelling på hjort datert 13.05.2023 og vedtak sendt 02.06.2023

Administrativt vedtak: Det vert gjeve løyve til felling av inntil 3 dyr av hjort på gnr 24 bnr 1, frå dd til 20.06.2023. Alle løyvene gjeld mindre bukk eller kalv. Det skal skytast dyr for dyr, og skytast på innmarka der den gjer skade. Lensmannen skal varslast og ettersøksavtale må vera på plass. Kommunen skal ha attendemelding/rapport over korleis skadefellinga har gått innan: 27.06. 2023.

Dyra vert ikkje rekna av kvoten men skal rapporterast med vektor, kjønn og tilstand. Fellingsavgift skal betalast som under jakta. Heimel: Viltlova og hjorteviltforskrifta.

Kommunen kan ikkje sjå at her er komen attendemelding pr dd.

Her vert gjeven ny frist til **19.09.2023**. Skadeløyver kan **ikkje** påreknast seinare, før kommunen har motteke rapport for 2023.

Med helsing

Ottar Myrtveit

landbruksrettleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Mottakarar:
Lars Helge Haugsdal